

PROTOKOLL
MØTE I REGIONRÅDET NORDHORDLAND

Møte: 2/2015
Tid: Fredag 13. mars kl. 09:00 – 15:00
Stad: Clarion Hotel Admiral, Bergen

Til stades:

Ordfører:	Jon Askeland, Kari F. Aakre, Nils Marton Aadland, Astrid A. Byrknes, Kristin Handeland, Hallvard Oppedal (sak 9-11/15), Per Lerøy, Karstein Totland, Kristin Nåmdal (varaordfører Modalen)
Rådmenn:	Øivind Olsnes, Jarle Landås, Ingvild Hjelmtveit, Ørjan Raknes Forthun, Svein Helge Hofslundsengen, Jan Olav Osen, Vidar Bråthen, Reidun Halland(sak 9-11/15)
NUI:	Rune Heradstveit, Bent Gunnar Næss, Kari Evensen Natland(sak 11/15)
Andre:	Sak 11/15: Aslaug Aalen og Lina Marie Ørnehaug, Norconsult og Øystein Sørhaug (Lindås), Anny Bastesen (Meland) og Vidar Totland (BRB) Sak 12/15: Anne Kverneland Bogsnes, NAV Hordaland
Forfall:	Knut Moe, Odd Ivar Øvregård

Sak 9/15	Godkjenning, møteinnkalling og sakliste Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.
Sak 10/15	Godkjenning, møteprotokoll møte 1/2015 Møteprotokollen frå møte 1/2015 vart godkjent utan merknadar.
Sak 11/15	Interkommunal nærings- og samfunnsplan. (vedlegg) Aslaug Aalen og Lina Marie Ørnehaug frå Norconsult hadde ansvaret for ei arbeidsøkt med Interkommunal nærings- og samfunnsplan. Norconsult repeterte fyrst litt om bakgrunnen for planen, kven den er for, korleis bruka planen og kva har som er gjort til no. Hensikt med arbeidsmøtet var å få tilbakemeldingar på fokusområde, mål, strategiar og handlingstiltak og å forankra dette best mogeleg hos ordførarar og rådmenn. Det er tenkt fire fokusområde; næringsliv, innovasjon og gründerskap, tettstadutvikling og bumiljø og infrastruktur (sjå vedlegg). Tidsplanen vidare er: <ul style="list-style-type: none"> ▪ 17. april: Handsaming i styringsgruppa ▪ Mai: Administrativ høyring (4 veker) ▪ Juni: Arbeidsgruppa og styringsgruppa ▪ 11.september: Regionrådet vedtar å legge ut planen på høyring ▪ September - oktober: Offentleg høyring / presentasjon i kommunestyra ▪ November -desember: Vedtak av plan
Sak 12/15	NAV – dialog og samarbeid med vekstbedriftene Fylkesdirektør Anne Kverneland Bogsnes, NAV Hordaland var invitert til møtet for å drøfta dialog og samarbeid med vekstbedriftene i Region Nordhordland. Bogsnes sa fyrst litt om den overordna bestillinga til NAV og gav ein gjennomgang av tiltaka i skjerma sektor i fjor.

	<p>NAV sine behov for tiltaksplassar skal vera tilpassa brukarane og det skal vera arbeidsretta tiltak. Nokre av vekstbedriftene har ikkje arbeidsplassar som er tilpassa for trening mot ordinært arbeidsmarknad. NAV har føringar om å finna tiltaksplassar i ordinære verksemdar og det er ikkje grunnlag for fleire plassar i skjerma verksemdar. Skjerma verksemdar må vera robuste aktørar som kan tåle anbod og svingingar i marknaden, og trenden i dag er meir konkurranseutsetjing. I den samanheng burde kanskje verksemdene i Nordhordland søkja saman til meir robuste einingar som kan ha større kapasitet til å møte framtidige leveransar. Det er behov for å kunne gje søkjarar fleire alternativ og då kan ein aktør i eigen kommune bli for snevert.</p> <p>Nordhordland har i dag seks verksemdar. NAV ønskjer seg færre verksemdar med større kapasitet, meir fleksibilitet, noko som vil gje brukarane eit betre tilbod. Det vil bli strengare krav til kvalitet framover. Alternativet er tettare samarbeid om t.d. administrasjon. Bogsnes synest ein skulle arrangera ein styrekonferanse der styre og daglege leiingar set seg ned og diskuterer på eit strategisk nivå. Ho utfordra Nordhordland Industriservice (NHIS) til å koma med nye tiltak, og er positiv til samarbeid mellom NHIS og dei andre vekstbedriftene.</p> <p>Hordaland har i dag 2,7 % netto ledighet og det er spesielt blitt meir ledighet blant IKT og ingeniørar. Ein har no ein meir krevjande arbeidsmarknad. Ledigheita steig frå januar til februar – ei tid der den normalt går det ned. Sjukefråveret i Hordaland er også høgt.</p> <p>Ekspertutvalet som ser på arbeidsfordelinga, oppgåver og struktur i NAV, kjem med rapport i april/mai.</p> <p>Nils Marton Aadland viste til at MAKS har god kontakt med NAV, og at NIS og MAKS er i reelle prosessar om tettare samarbeid. Han var elles enig i at ein må sjå på dei samla ressursane i Nordhordland og korleis ein kan utnytta desse best mogeleg. Fleire av ordførarane var enig i dette, og meinte at ein bør sjå nærare på tettare samarbeid og samordning mellom einingane – også administrativt samarbeid.</p>
<p>Sak 13/15</p>	<p>Prioritering av skjønsmidlar frå regionen</p> <p>Rune Heradstveit presenterte eit forslag frå NUI basert på innkomne søknadar frå kommunane samt det NUI allereie jobbar med av prosjekt. NUI la fram eit forslag som prioriterer dei store og vedtekne prosjekta som kommunane i fellesskap har slutta seg til. Det var ingen innspel til konkrete endringar og Rune Heradstveit fekk fullmakt til å senda inn prioriteringa slik den vart framlagt.</p>
<p>Sak 14/15</p>	<p>Kort status prosjekt NUI</p> <p>Rune Heradstveit informerte kort om status for helsehusprosjekt slik det ligg no. Jon Askeland viste til den fine og detaljerte statusrapporten som var sendt ut til kommunane sist veke.</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Kommunalbanken AS er tildelt anbodet på lån. ▪ Anbod arkitekt er no ute på Doffin ▪ Det må lagast eit mandat for styre, styringsgruppe og brukargruppe ▪ Innan utgangen av april skal Lindås kommune levera deira arealbehov ▪ Bygget er planlagt med 8000 m². Heradstveit meinte at det er fleire grunnar til at ein bør vurderer nærare om ein ikkje burde utnytta tomte fullt ut med eingong og byggja eit bygg på 12 000 m². Styret vil vurderer dette og evt. koma tilbake med ei tilråding.
<p>Sak 15/15</p>	<p>Kommunereform – vidare prosess</p> <p>Regionrådsleiar viste til Nordhordlandstinget og til erfaringane frå SAS-kommunane (Sandefjord, Andebu og Stokke). Askeland ser for seg to løp i Nordhordland, eit regionalt løp med dei fleste kommunane og fleire løp der nabokommunar vurderer samanslåing.</p> <p>Deretter var ordet fritt, og fleire gjorde greie for status, haldningar og bestillingar (til rådmenn) i eigen kommune. Tilsynelatande har nokre kommunar det litt meir travelt enn andre.</p>

	<p>Nokre meinte at det ikkje skadar prosessen at dei ivrigaste startar opp sitt arbeid, men at det skjer utanfor og parallelt med Nordhordlandsalternativet. Det er uansett viktig å køyra så opna prosessar no slik at dei nye politikarane etter valet, kan gå inn i prosessane.</p> <p>Rådet var enige om at Regionrådet må ta eigarskapen til Nordhordlandsalternativet, og at ein må koma i gong med dette så snart som mogeleg. Kommunalministeren ynskjer å koma til regionen, og har signalisert at torsdag 16. april høver godt. Fyrste møte vert derfor planlagt til denne dagen, og så snart som mogeleg og innan den tid må alle kommunane ha sett ned eit forhandlingsutval.</p> <p>NUI førebur saksliste til møtet. Det samla forhandlingsutvalet for Nordhordland må velja ein leiar og ein nestleiar og peika ut eit arbeidsutval på 3-5 personar. Vidare må ein einast om ein tidsplan og diskutera den vidare politiske vegen og kva ein vil. Beslutningsgrunnlaget fylgjer modellen til SAS-kommunane og skal vera ferdig innan utgangen av januar 2016.</p> <p>Osterøy er foreløpig einaste kommune som har sagt nei til å utgreia Nordhordlandsalternativet, men dei kan likevel delta på fyrste møtet 16. april, og så får dei vurdere om dei har noko att for å vera med vidare (erfaringar m.v.)</p> <p>Vedtak: Regionrådet oppmodar kvart einskild kommune til å oppnemna inntil til tre politikarar til å delta i eit felles forhandlingsutval som har i oppgåve og utforma eit felles beslutningsgrunnlag (SAS-modellen) for samanslåing av kommunane i Nordhordland.</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Forhandlingsutvalet konstituerer seg sjølv med leiar og nestleiar og opprettar eit arbeidsutval med 3-5 medlem ▪ Rådmennene deltek på møta i det samla forhandlingsutvalet frå kommunane ▪ Beslutningsgrunnlaget skal vera ferdig innan utgangen av januar 2016 ▪ Første møte i forhandlingsutvalet blir 16. april ▪ Parallele løp – samtalar og dialog mellom nabokommunar m.v. vil skje samtidig, men utanfor denne prosessen (utanfor samla forhandlingsutval)
Sak 16/15	Meldingar og eventuelt
	<p>Kort info om status for Nordhordlandspakken Nils Marton gjorde greie for drøftingar i Meland i tråd med skissene som vart vurdert i samband med styremøtet i Nordhordlandspakken i Knarvik 5. mars.</p>

Knarvik, 13. mars 2015



Jon Askeland
Leiar
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg:

Sak 11/15: Presentasjon – arbeidsmøte Nærings- og samfunnsplan for Nordhordland